for veien. Men vi hadde som så ofte før ikke tilstrekkelig kunnskap på det tidspunkt.

Ved absolutt første spadestikk fant arkeolog Arnvid Lillehammer en grønnsteinsøks fra yngre steinalder. Ved hjelp av en gravemaskin ble det graved en 40 m lang grøft fra det vi trodde var utkanten av en bopllass. Vi ønsket ved hjelp av denne grøften å få informasjon om boplassens størrelse og om steinalderlandskapets utseende rundt bopllassen. Det vi fant var et boplasslag som strakte seg nes-



Denne miniatyrfiskekroken av bein, 1,5 cm lang, er her vist i rett målestokk. Den ble funnet i sandholdige jordlag avsatt i sjøen nær stranden for mellom 5000 og 8000 år siden. (Foto: Ragne Johnsrud, Arkeologisk museum i Stavanger).

ten i hele grøftens lengde. I dag vet vi at dette ca. 4.500 år gamle funnførende lag omfatter 5.000-10.000 m<sup>2</sup>. Videre at det finnes minst 2 eldre funnførende lag, det ene knapt 5.000 år gammelt, det andre 6.000-8.000 år gammelt.

## De første bøndene i Vest-Norge

Vi har beviser på at de første Solabønder dyrket korn. Da boplasslaget var gjennomgravd, så vi et nettverk av rette linjer. De skar hverandre under tilnærmedesvis rett vinkel og er resultat av ploying. Oldtidsplogen kalles en ard som i motsetning til den moderne plog ikke vendte jorden, men bare lagde en risse ned i jorden. Funnet av ardspor fikk vår vegetasjonshistoriker til å ta en rask sjekk på polleninnholdet i ardsporene og ganske riktig, det ble funnet blomsterstøv av både bygg og hvete.

De arkeologiske funn derimot gir ingen opplysninger om jordbruk. Steinredskaper som meisler, økser, piler og skrapere, som regel flint er alle typiske for kulturer som levde av jakt, fangst og fiske. Dersom ardspor og kornpollen ikke var blitt funnet, ville arkeologene tradisjonen tro uten videre ha forutsatt at det dreide seg om jakt- og fangstkultur. Ingen redskaper viser at disse menneskene som slo seg ned på torvmarken for 4.500




Gammelt og nytt møtes på Sola flyplass. Samfunnets krav på et tidsvarende ekspedisjonsbygg på flyplassen medførte i sommer og høst utgravning av lag fra steinalderen. Utgravingen ble gjennomført der veien til det nye ekspedisjonsbygg er planlagt. (Foto: Terje Tveit, Arkeologisk museum i Stavanger).

år siden også dyrket jorden som de første i Vest-Norge.

### Bein i strandgrus

Under torvlaget ligger et lag med strandsand og under dette igjen strandgrus med mengder av dyre- og fiskeknokler, samt redskaper og avslag av flint. Det dreier seg om et søppelag etter mennesket som bodde på en fjellknaus i strandkanten og hev sine etterlatenskaper i form av matrester, ødelagte pilespisser og liknende ut i sjøen. Dette sørpelet er det nå arkeologene nitid og begjærlig graver frem for å rekonstruere livet til disse menneskene som i kortere eller lengre tid bosatte seg på denne lille knausen og som siden ble dekket av torv og bosatt av bønder. Menyen kjenner vi bare i grove trekk, fordi knoklene ennå ikke er blitt analysert av spesialister. Vi vet, at disse steinaldermenneskene spiste fisk, muligens torsk, de spiste sel, villsvin og hjortedyr, eventuelt rådyr. De spiste også hasselnøtter og antakelig røtter, andre frukter og andre plantedeler.

Alderen kan bestemmes mest presist ut fra flintredskaper og — teknologi. De viser at lagene mest sannsynlig er knappe 5.000 år gamle, dvs. fra aller eldste del av yngre steinalder. Jordlagene peker også mot samme alder, idet de viser at denne marine, knokkelførende strandgrusen er avsatt under synkende havstand og derfor må være yngre enn tidspunktet for høyeste havstand i etteris




*Vestlandsmeisenen av grønnstein etterlatt ved ildsted på østdelen av flyplassen. Denne meiselen ligner en god del på den grønnsteinsøks som ble begynnelsen til denne meget spennende steinaldergraving på Sola flyplass. (Foto: Ragne Johnsrød, Arkeologisk museum i Stavanger).*

istiden., Høyeste havnivå inntraff for rundt 5.500 år siden og kalles Tapes maksimum. Knokkellaget er derfor yngre enn 5.500 år, men ikke så veldig mye. 500 år er et rimelig tipp.

### Miniatyrfiskekrok av bein

Også i de dypereliggende lagene er det gjort funn etter mennesker. De lagene det er snakk om, er fra eldre steinalder fra den perioden geologene kaller Atlantikum. ca 5.500 år sid



*De sensasjonelle pløyespor fra yngre steinalder — kanskje de eldste i landet. Oldtidsbonden har tydeligvis ardet i to retninger. (Foto: Birgitte Skar, Arkeologisk museum i Stavanger).*

en. En av de sistnevnte må betraktes som gravningens stjernebunn (se foto): En litteliten fiskekrok, helt velbevart, med mothake og fastbindingshaker, mindre enn en tommelfingernegl og med ridser etter redskapet den ble forarbeidet med. Den er så liten av flere av de arkeologer som har sett den tror det kan være snakk om en leke snittet av en snill gammel bestefar. Arkeolog Birgitte Skar som har ledet hele den omfattende graving på flyplassen, mener imidlertid snarere at fiskekrokens størrelse avspeiler en spesiell form for fiske etter en eller annen form for småfisk. Disse eldre steinaldermennesker vet vi ellers lite om. Det har ikke vært økonomisk grunnlag for utgraving av mere enn ganske få kvadratmeter av disse gamle og dyptliggende lag. 3-4 m under bakkenivå ligger de for det meste.

### Historiens sus

Sola flyplass er i dag en travl arbeidsplass for mange mennesker som særlig arbeider innen tekniske fag samt administrasjon og servicenæringen. I 1987 har flyplassen 50 års jubileum. For 50 år siden lå flyplassområdet som en fredelig, grønn slette med beitende dyr og små? åkerlapper. Det er tankevekkende å tenke på at bortsett fra de siste 50 år, har området på og rundt flyplassen vært oppdyrket av bønder i 4.500 år. Og før den tid har mennesker i flere 1000 år tråkket sine barnefötter langs strandene i samme området, samlet skjell og nøtter, fisket, jaktet, slikket solskinn, lyttet og tolket naturens egne lyder, sett på himmelen etter tegn på endringer i været.

### Takk

Denne artikkelen om Sola utgravningen er blant annet gjort mulig med god assistanse fra de øvrige prosjektdeltakerne: Arnvid Lillehammer, Lisbeth Prøsch-Danielsen, Birgitte Skar og Erik Wishman. Statens vegvesen stilte brakker til rådighet og har sørget for fremføring av vann og elektrisitet til utgravingsfeltet. Vi vil her benytte anledningen til å takke for hjelpen og for et godt samarbeide med Statens vegvesen v/Arnulf Follaug og Johan Pettersen, Luftfartsverket v/Einar Skogen og Velde maskin A/S v/Sjur Bjørgo.

(Artikkelen er en del forkortet.  
Red.)

*Rygjavegen presenterer:*

## Samferdselsstyret i Rogaland

— 2 —

Av Tormod E. Nag

I forrige nummer av Rygjavegen hadde vi ein artikkel om fylkessamferdselsstyret. Vi skreiv også at vi i seinare utgåver av Rygjavegen vil presentera dei enkelte medlemene.

Vi har denne gongen plukka ut tre representantar og gitt dei nokre spørsmål.



Kari Kjølstad Tenden  
Alder: 50 år  
Heimstad: Sauda  
Yrke: Husmor  
Parti: Høyre

**Har du vært med i samferdselsstyret i tidligere perioder?**

Ja, jeg var med i perioden 1976-79. Dessuten møtte jeg også i perioden 1980-83, men da i egenkap av formann i F.T.U. (Fylkestrafiksikkerhetsutvalget). Arbeidet i samferdselsstyret er interessant, derfor hadde jeg dette som det første ønske også for denne perioden.

**Har du spesielle interessefelt innen samferdselspolitikken?**

Ja, som jeg svarte på ditt forrige spørsmål har jeg nå vært formann i F.T.U. i 6 år, så det skulle fortelle at trafikksikkerhetsspørsmål er noe jeg er spesielt interessert i.

Ellers er jeg også opptatt å få til en bedre utnyttelse av ressursene til rutesektoren. Spesielt i Ryfylke er en

samordning mellom sjø- og landtransport interessant.

Det skulle nå være tid for nytenking innen samferdselssektoren.

**Har du spesielle saker som du er oppatt med, og som du gjerne vil få løst?**

Ropeidhalvøya må nå få vegutlysning. Ser en på innbyggertallet og kostnadene med å skaffe vegen — tror jeg det er få distrikter i landet vårt som fremdeles er vegløse.

Når det gjelder trafikksikkerhets-spørsmålet er jeg opptatt av at det må legges mer vekt på det holdnings-kapende arbeidet.

**Hvor lenge har du vært politisk aktiv?**

Tiden går fort. Ca. 20 år.

**Har du andre politiske verv?**

Utenom fylkesutvalget og fylkestinget, er jeg formann i Rogaland Høyre.

Dessuten er jeg med i Det regionale høgskolestyret, Yrkesopplærings-nemnda, Trafikksikkerhetsrådet og som tidligere nevnt, formann for F.T.U. i Rogaland.

**Hvorfor er du politisk aktiv?**

Samfunnspørsmål har alltid interessert meg. Men jeg fant ut at det nyttet lite å sitte hjemme å kritisere andre. I tiden jeg har vært med har jeg fått oppleve hvor tungt og komplisert samfunnet vårt egentlig er.

**Har du hobbyer eller andre gjøremål i fritida?**

Fritiden blir først og fremst benyttet til husarbeid, noe som også er en fin avkobling. Ellers er jeg glad i å lese.

**Hvorledes er det å være østlending i Rogaland?**

Etter 22 år i dette fylket er jeg blitt en ekte Rogalandspatriot.

Jeg vil også få legge til at distriktet

her hevder seg godt på mange områder som f.eks. forskning, utdannelse og kulturliv. Dessuten bør Rogaland ha alle forutsetninger for å bli et turistfylke, men dette er dessverre ikke godt utnyttet.



Einar Grønstad

Alder: 51 år

Heimstad: Sandeid

Yrke: Bonde

Parti: Kristeleg Folkeparti

Einar Grønstad har tidlegare ikkje vore med i samferdselsstyret. Det er derfor naturleg å spørja korleis desse to åra har gått.

Det har vore mykje interessant og ikkje minst lærerikt å vera med i styret — men så er det også arbeidskrevjande.

**Korleis er det, har du spesielle interessefelt innan samferdselspolitiken?**

Nei — eg har ikkje det, men eg er likevel busett på ein stad der eg veit kva gode kommunikasjonar har å seia. Derfor vil eg seja at hovudinteressa mi er å få betra kommunikasjonane — særleg i utkantstroka — og dermed få knyta fylket betre saman.

Dette gjeld både vegbygging og betre rutesamband på land og sjø. Ikke minst for dei grender og bygder som er avhengig av sjøverts samband er det viktig å få gi eit tilfredsstilande tilbod.

Vidare ser eg at gode og tidsmessige kommunikasjonar er ein viktig faktor for busetnad og næringsliv i distrikta.

Når det gjeld fylkesvegane så er mange av desse i dårlig stand og kan ofte vera trafikkfarlege — så her er det trøng for eit krafttak!

**Har du spesielle saker som du er oppteken med og gjerna vil få løyst?**  
 Rogaland må få sin rettsmessige del av statsmidlane til vegbygging. Me får idag altfor lite i høve til andre fylker. Dette ser eg som urettferdig. Eller vil eg igjen få minna om vegutløysing for dei 500 personane som er busett på Ropeidhalvøya. Dette er ei interessant sak som eg har brukt mykje tid på. Det er difor gledeleg å sjå at sams innsats kan lukkast, og at dette lengre etterlengta prosjektet snart kan starta opp. Utanom fordelene for kommunikasjonane — vil dette prosjektet ha ein positiv innverknad på sysselsetjinga i Indre Ryfylke.

Elles er eg glad for at arbeidet med Bokn-prosjektet som snart vil starta. Dette gir Bokn vegsamband samstundes med at nord- og sør fylket kjem nærmere saman.

**Kor lenge har du vore politisk aktiv?**  
 Å--ja, sei det? I 25 - 30 år.

**Er du med i anna politisk arbeid?**  
 Eg er med i fylkestinget og formann i fagstyret for jordbrukskulane i Rogaland. Det har også vorte ein del år i kommunepolitikken, nå som formann i skulestyret.

**Kvífor er de politisk aktiv?**  
 Fordi eg ser eit ansvar — og dessutan likar eg å vera med å forma det samfunnet me alle lever i.

**Kva gjer du på fritida?**  
 Fritida vert det lite av, men så langt eg kan er eg med i kristent arbeid i kyrkje og bedehus.



Aage Haver  
 Alder: 40 år  
 Hjemsted: Sirevåg  
 yrke: Forretningsfører  
 Parti: Arbeiderpartiet


Det er først perioden Haver er med i samferdselsstyret og vi har spurt hvorledes han har opplevd denne tiden.

Det har vært mye mer interessant enn det jeg hadde forestilt meg. Jeg har lært mye, og fått mye større for-

Ny E 18 krev areal

## Særprega Stavanger-hus er rive

Tekst: Harald Sel Foto: Per Eikemo



Midt i oktober blei det såkalla Kristiansenhuset, Kannikgata 13, riven av vegvesenet. Ein kan seia at dette er det første synlege teiknet på anleggstart for ny E 18 gjennom Stavanger. Kristiansenhuset er eitt av fleire i Kannik som må rivast for å gje plass til den nye vegtraseen.

Med Kristiansenhuset har eit særprega og tradisjonsrikt hus forsvunne frå bybiletet i Stavanger. Byantikvar Unnleiv Bergsgard seier til Rygjavegen at bygningen blei oppført i 1896 av Teknisk Bureau A/S, som var grunnlagt i 1893.

Bygningen representerte ein overgangsstil mellom sveitser- og jugend-stil, og var eit fantasifult bygg med sine mange arker, spir og altanar.

I mange år held Kristiansens kolonialforretning til i huset. Av dette blei namnet Kristiansenhuset innarbeidd.

Unnleiv Bergsgard opplyser, at så vidt ein kan sjå, var bygget det største private bolighuset i tre i Stavanger, med ei grunnflate på ca. 390 kvm. i to fulle etasjer pluss loft og underetasjer med butikkar.

stålelse for samferdsel, vegutbygging og vedlikehold.

### Hvilke interessefelt har du?

Med min bakgrunn som yrkessjåfør i 18 år — og som forretningsfører i fylkets største fagforening for yrkeskjåfører — forbauser det vel ingen at jeg har stor interesse for veg- og vegtransport.

Spesielt vil jeg si at kollektivtrafikken på land — spesielt med buss er noe som opptar meg.

### Er det spesielle saker som du gjerne så en løsning på?

Jeg håper å få gjøre mitt til at ferjeforbindelsen over Boknafjorden blir borte. Det er en stor svakhet for fylket å være knyttet sammen med et så utsatt ferjesamband.

Videre håper jeg på at vi kan få en snarlig utskifting av materiellet på Jærbanan.

Jeg er ikke fornøyd med utviklingen for busstrafikken. Vi må være for-

Framhald side 21.

**Ein vegmann ser tilbake**

## Frå Nordfjord til Ryfylke

Av pensjonert vegmeister Alfred Rake

Då eg vart pensjonert i 1977, hadde eg 45 år i Statens vegvesen bak meg (minus 1 år i Norsk Hydro, Rjukan).

I 1931 kom eg i arbeid i vedlikehaldet hos vegvaktar Tore Brynestad (Sogn og Fjordane). Det vart vekselvis arbeid i grustak om sumaren og vintervedlikehald.

I 1933 vart eg fast mann ved eit knuseverk som flytta rundt i Indre Nordfjord. Dette verket var i drift berre om sumaren, så i vinterhalvåret vart det arbeid på ymse riksveganlegg i Sogn og Fjordane.

### Effektiv steinknusing

Så blei det bestemt at knuseverket vårt skulle flyttast over til Oppland fylke. Og vi 3 mann, som hadde arbeidet vart ved verket, fylgte med. Me skulle læra opplendingane effektiv steinknusing.

Maskineriet var ein Drafni 3 med sortertrommel, og drivkrafta var ein gammal amerikansk Mogul-traktor.

Me vart verande på Dovre og i Dombås-traktene fram til jul 1940. Då hadde me vist lært steinknusarkunsten frå oss, og me reiste heim til jul.

### Tunnelarbeid

Etter nyttår 1941 vart vi sende til tunnelarbeid i Øvre Årdal i Sogn. Vegvesenet hadde teke på seg å sprengja ut fjellet til ein kraftstasjon, for A/S Nordag.


Arbeidet var administrert og lønna av Statens vegvesen, men pengane kom visstnok ikkje frå noko vegbudsjett.

Etter kvart vart det litt av kvart eg ikkje likte. Mellom anna skulle arbeidet vårt kontrollerast av ein tysk ekspert. Og denne «eksperten» ville ha greie på alle slags finesser med vår tunnel- og sprengningsteknikk. Til slutt sprakk det for meg. Eg bad han venda seg til avdelingsingeniøren på anleggskontoret, der ville han få alle dei opplysningsane han var ute etter.

— Was? Sprechen sie Deutsch, und wohin haben sie Deutsch gelernt? sa han.

— Vercheiung bitte, alles ist selbstgelernt, sa eg.

Etter denne gebrekkelege tysktalen, fekk eg tilbod om å vera tolk, og sjølsagt med dobbel lønn! Men då vart eg redd og plutseleg «sjuk». Eg reiste vekk utan å oppgi ny adresse.



Alfred Rake (1985)

### Norsk Hydro på Rjukan

Om hausten 1942 kom eg inn på Oslo elementærtekniske skule. Og før eg var ferdig der, i juni 1943, vart eg tilsett som oppsynsmann ved Norsk Hydro på Rjukan.

Eg vart stasjonert på Mår kraftanlegg, hovudsakeleg med damarbeid og tunneldrift.

Men den 16. nov. 1943 vart det slutt. Femti alierte bombefly over Vemork stoppa alt som hadde med tungtvatn-produksjon å gjera. Ca. 2000 arbeidarar og funksjonærar ved Norsk Hydro vart arbeidslause, og fekk reisa heim til jul det året. Eg var ein av dei.

Til nyttår fekk eg ei gledeleg overrasking frå Norsk Hydro. «Takk for godt utført arbeide ved Mår Kraftanlegg! Vedlagt ein sjekk pålydande kr 1.100,-» Etter näverande kroneverdi ville den nyttårspresangen vera verdt kr 11.000,-. Eg må vel ha gjort ein god jobb?, som dei og må ha forstått verdien av.

### Til Nordland

Eg vende meg nå til Vegdirektoratet, og sökte om oppsynsmannsarbeid. Eg fekk telegram tilbake om å meldta meg på Vegkontoret i Narvik så snart som råd var.

Eg fann fram til kontoret og banka på hos avdelingsingeniøren. Og der sat Knut Stokkenes! — kjenning heimanfrå, frå tidlegare anleggsarbeid. Eg fekk arbeidet mitt ved Bjørnefjellsvegen.



I 1936 arbeidde Alfred Rake på veganlegget Olden — Innvik i Sogn og Fjordane. I alt var det ca. 100 mann i arbeid på anlegget. Her er ein god del av dei samla. Alfred Rake ser me som nr. 2 frå høgre i andre rekke.

### Krigsepisodar

Vi hadde mange episodar etter som krigen gjekk sin gang. Vi hjelpte mange over grensa til Sverige i 1944.

Ovinger. Moi og oppsynsmann Thraning frå vegvesenet i Nordland kom i Gestapo sitt sokelys og måtte bort. Eg fekk i oppdrag å melda frå på vegkontoret, at dei var reist på fisketur. Etter ei tid kom Gestapo. Dei hadde spor fram til mitt kontor, og ikkje lenger. Men eg «visste ingen ting», og sa minst mogeleg. I to dagar sat eg til forhøy. Så her var det viktig å ikkje motseia seg sjøl. Og eg passa meg vel for, at kodeordet som eg skulle overbringa til fru Moi, ikkje vart nemnt. Når Moi og Traning var vel over grensa, skulle nemleg føraren deira koma tilbake med bod til meg om at kyllingane fru Moi hadde bestilt, dei skulle ho få tilsendt med det første. Deretter var det mi oppgåve å bringa meldinga vidare til fru Moi.

Moi og Traning kom vel frå den livsfarlege reisa til Sverige, og dei kom velberga tilbake i mai 1945.

### Ryfylke

Knut Stokkenes hadde tidlegare vore avdelingsingeniør i Rogaland, og i 1945 reiste han tilbake hit.

— Har du bruk for ein oppsyns-

mann i Rogaland, kan du gi meg eit lite vink, sa eg til han, då han reiste frå Narvik. Og ikkje lenge etter kom telegrammet, at eg kunne seia opp som oppsynsmann i Nordland, og melda meg på vegkontoret i Stavanger så snart råd var.

Og kort fortalt. Den 17. mai 1945 steig eg i land på kaien i Hålandsosen, — og det første eg hørde var tonane og songen «Norge i rødt, hvitt og blått» oppe på loftet til Anders Våge.

Nå skulle det endelig bli Ryfylke-veg.

### Få ord

På anleggskontoret på pensjonatet låg eit brev til den nye oppsynsmannen. Her venta eg ein lang og omstendelig instruks, men eg fann noko anna. Overingeniør Th. Riis hadde skreve med rein og sirleg handskrift: «Treng du arbeidsfolk, kan du ta kontakt med Jonas Tveit». Her var ein som kunne seia mykje med få ord. Ti ord var alt eg trong til å starta Ryfylkevegen med.

### Mange arbeidrarar

Noko av det første eg gjorde var å setta opp kartotek-system over arbeidrarar, og på første kortet stod: Nr. 1 — Jonas Tveit- 18/5-1945. Då eg flytta frå Ryfylkevegen i 1953, var

siste kartotekkortet nr. 276.

På dette tidspunktet sto det enno mykje arbeid att, før det vart veg frå Vindsvik til Sand. Erfjord bru var bygd ferdig i 1963, og ferjesambandet over Jøsenfjorden kom i drift midtsumars 1965. Og den 2. sept. 1965 vart vegen Tau - Sand, Ryfylkevegen, opna. Men omlegginga og utbetringsarbeidet pågår framleis. Det tek tid og krev mykje pengar å få gamle bygdevegar opp i Vegklasse II D.

(Om Ryfylkevegen, og Alfred Rake sitt arbeid der, har han skrive ein lengre artikkel i Rygjavegen nr. 2-1981.)

## Kjørelys

Bruk av kjørelys om dagen vil redusere antall trafikkulykker under alle forhold, men med de spesielt vanskelige vær- og lysforholdene vi har i de nordiske landene, vil virkningen bli større her enn i andre land.

Sola står mye lavere på himmelen her hos oss enn lenger sør. Dette skaper farlige problemer med solblendning og motlys. Dessuten har vi svært lange overgangsperioder hvor det ikke er helt lyst og ikke helt mørkt. Ved vintersolhverv er skumringsperioden fem ganger så lang i Oslo som i Roma.

## Farligere å sykle enn både bil og gå

Det er farligere å sykle enn både å bide og gå: — Men det ser ikke ut til at alle foreldre er klare over det, sier avdelingsingeniør Finn Larsstuen ved Vegdirektoratets vegtrafikkavdeling: — Skremmende mange sykler er nemlig ikke i forskriftsmessig stand. Det er viktig at barn og foreldre går sammen for å se etter at sykkelen er i orden.

Finn Larsstuen peker spesielt på at det er viktig at bremseene er i orden: — Men det er også vesentlig å kontrollere at felgene er rette. Heller ikke skal vi glemme bremseoverføringene, wirene slakkes lett og kan være skadet.

Ellers minner Larsstuen om at sykkelen skal ha lykter både foran og bak, reflex bak, og helst i ekene, og sykkelbjelle.



Frå anleggsarbeidet på Ryfylkevegen (rv 13) i Vormedalen 1955. Alfred Rake kom til Ryfylke og tok til som oppsynsmann på Ryfylkevegen i 1945.



Som eit minne frå medarbeidarane overrekte Bjørn Sandvik ei fin lysestake i sølv til Harald Gjederø. I bakgrunnen ein del av arbeidskolegane på Sand vegstasjon.

### **Avskjedstund for Harald Gjederø:**

## **— Nå er dei kvitt meg, karane**

Tekst og foto: Hans Chr. Rygh, Suldalsposten

Vegmeister Harald Gjederø har aldri vore den som har «spart på konfekten». Det gjorde han heller ikkje då han hadde sin siste arbeidsdag med kollegaene på Sand vegstasjon. Dei fekk med seg mange god-ord på vegen vidare, somme sagt i spøk og somme med ein formanande undertone.

Ei gild avskjedstund vart det i alle fall. Og som eit minne frå medarbeidarane overrekte Bjørn Sandvik ei fin lysestake i sølv.

Harald Gjederø har utdanning frå elementær-teknisk skule. Han tok til i vegvesenet i 1939. Dei første åra var han på Jæren. Han kom til Sand som arbeidsformann i 1942 og trudde først økta her inne skulle vera berre i eit par år. Men så vart han altså verande. I 1945 var Gjederø oppsynsmann og i 1973 tok han over stillinga som vegmeister.

— Eg har hatt ei glad og god tid, sa Gjederø under avskjedstunda, - sjølv om mange har vore forbanna på meg. Men nå er dei kvitt meg, karane.

Ja, han kan få sagt det, Gjederø. Vi tippar dei kjem til å sakna han på vegstasjonen.

Suldalsposten såg Gjederø som eit ønskje-intervjuobjekt. Men noko slikt ville han ikkje vita av. Og Gjederø var ein mann som står på sitt. Det veit dei som kjenner han.

## **TRAFIKKSIKRINGS-TILTAK**

Ei viktig årsak til trafikkulykkene er eit uheldig forhold mellom vegane og arealbruken langs vegane. Arealbruken langs vegane og tilkomsten til hovudvegane skaper ofte farlege trafikksituasjoner. Spesielt gjeld det konflikter mellom biltrafikk og gang- og sykkeltrafikk.

Viktige framtidssretta trafikksikringstiltak vil difor vere å sanere mange avkøyrslar og å planlegge den

framtidige arealbruken slik at vi reduserer konflikten mellom fjerntrafikk og lokaltrafikk og mellom biltrafikk og gang- og sykkeltrafikk. Lettvinte løysingar for å gi billeg tilkomst til bustad- og serviceareal kan bli kostbare på lengre sikt. Arealplanleggarane og dei som vedtar reguléringsplanar, har difor ei viktig oppgåve i trafikksikringsarbeidet. Dei gjer klokt i å ta omsyn til råda frå trafikkteknikarane.

(Utdrag frå ein artikkel av trafikkdirektør Olav Søfteland i bladet Samferdsel, nr. 8/85.)

**Vegsjef Danielsen til Våre Veger**

## **Hjernetapping**

Det lar seg ikke lenger skjule. Statens vegvesen er utsatt for en veritabel brain-drain! Med dette uttrykket forbinder vi vanligvis intellektuelles flukt fra ett land til et annet, — til et land med større muligheter for utfoldelse og bedre økonomi. I dagens Norge skjer flukten fra fagetater i Staten til privat virksomhet og til oljerealert virksomhet. Sparekniv og innstramninger på den ene side — penger og utfordringer på den annen.

I vegvesenet har problemet nå fått slike dimensjoner at situasjonen må betegnes som meget alvorlig. Sterkest berørt er vegkontorene i Rogaland og Hordaland samt Vegdirektoratet. Helt siden 1980 har Rogaland vegkontor følt seg makteløs i kampen om kvalifisert teknisk personell. Nå har Hordaland kommet i samme situasjon. Oljevirksomheten trekker de beste folkene til seg. Det er nærmest blitt flaut å være ansatt i vegvesenet, uttaler vegsjef Chester Danielsen i et intervju med Våre Veger.

For å kunne demme opp for flukten fra vegetaten, må vi kunne konkurrere om arbeidskraften på lik linje med andre etater i regionen. Vi kan ikke bare være arbeidsplass for ferske ingeniører som trenger en første praksis før de søker seg over til bedre betalte stillinger i andre etater, sier vegsjef Chester Danielsen, mellom annet i intervjuet med Våre Veger.

## **Ryfylkevegen**

Ingeniør Grøstad i Rogaland vegkontor er no ferdig med kostnadsoverslaget for Ryfylkevegen langs med Nedre Tysdalsvatn. Den nye utrekninga samsvarar bra med det fyrste overslaget som var gjort, og viser at heile veganlegget Bjørheimsbygd — Tysdal i Årdal kjem på 518 000 kroner. Veglengda er ikkje meir enn 10 500 meter, og den parten som er ferdig (frå sjølve Bjørheimsbygd til Tysdalsvatnet) går gjennom lagleg lende. Men frametter vatnet er det mest berre fjell og ur. Der vert skjeringar og støttemurar på upp til 10 meter. Fjellet er fast og fint, so vegen kjem til å ligge trygt.

(Stavanger Aftenblad, 17. juni 1935.)

## Flott innsats på anlegget Hustveit — Svandalsfossen

I Rygjavegen nr. 1/85 skreiv me ein «forseringsavtale» for anlegget Hustveit — Svandalsfossen på rv. 13.

Vegsjefen auka løvningane frå 8 til 13 millionar. Arbeidarane og anleggslleiinga i Sand/Sauda-området på si side lova å leggja seg ekstra hardt i selane, slik at anlegget skulle stå ferdig i desember 1985 — eit år før planen.

Det viser seg nå at «avtalen» er oppfylt til punkt og prikke. Med ein varierande styrke frå 9 til 4 arbeidrarar og god tilgang på maskinar, er det gjort ein kjempeinnsats.

Tidlegare merka vegvesenet ein viss irritasjon frå lokalbefolkinga over därleg framdrift på anlegget. Nå synes dette å vera snudd, slik at ein stadig hører rosande omtale frå Sauda-folk.

Også vegsjefen hadde mange rosande ord over arbeidarane og anleggslleiinga sin innsats, då han kjørte den nye vegen for å vera med på fylkesutvalsmøte i Sauda.

Me kjem tilbake med meir stoff frå anlegget i neste nummer av Rygjavegen.

## Heilautomatisk vegtoalett

Firmaet A/S O. Hovden & Co i Rauland har nyleg introdusert eit nytt heilautomatisk vegtoalett, produsert av eit fransk firma i gate- og serviceutstyr.

Heilautomatikken blir sett i gang straks ein trør på golvet. Døra sklir igjen, lyset blir tent, behageleg musikk strøymer ut frå veggene og blandar seg med suset frå ventilasjonen og vatnet som tek til å renna i vasken. Det fins også speil, varmetørkar, klesknagg og sjølsagt eit toalettsete.

Når ein er ferdig og går ut av toaletten, blir døra automatisk stengt og vaske og desinfeksjonsprosessen blir sett i gang. Golvet og toalettskåla blir skyvd bakover og blir deretter vaska med hjelp av høgtrykkspyling og roterande børste. I løpet av eit halvt minutt er toalettet rent og klart for nytt besök.



— Jeg håper at De ikke har noe imot at jeg ikke røyker?

Nye rundkjøringar på Bryne og i Haugesund

## Ei lita og ei stor

Foto: Rune Sandven og Harald Sel



I oktober blei to nye rundkjøringar sett under trafikk i Rogaland. — ei lita og ei stor.

Biletet øverst viser del litle rundkjøringa, ved Nubben på Bryne. Rundkjøringa er lagt i eit firearma kryss mellom fylkesveg 215 Bryne og Hognestad, Roald Amundsens veg og Hålandsvegen. Fylkesvegen går her gjennom ein nokså smal jernbaneundergang, og dette gjer trafikkforholda farlege og kompliserte. Men med rundkjøringa reknar ein med at krysset vil bli sikrare.

Biletet nederst viser den nye rundkjøringa i Haugesund i krysset mellom Spannavegen og den nye E 76. Krysset er firearma, men fungera som trearma rundkjøring fram til neste år, når den nye innfartsvegen blir sett under trafikk.

For første gang i Rogaland:

## Lærlinger i vegarbeidsdrifta

**Tekst: Endre Brigtsen Foto: Per Eikemo og Rune Sandven**

Ved Statens vegvesen i Rogaland ble det i september 1985 tatt inn 5 lærlinger i faget **Bygg og anlegg**.

På grunn av den ulike sokermassen i nord- og sørfylke, ble lærlingeinntaket fordelt med 4 i Haugesund og 1 på Bærheim. Spesielt hyggelig er det at vi også har fått en jente bland lærlingene. De faglig ansvarlige for lærlingene er Vegmester Frøyland og Anleggsl. Sandven i Haugesund og Anleggsl. Eikemo i Stavanger.

Bygg og anleggsfaget er et nytt fag som er sammensatt av de gamle enkeltfagene armering, betongarbeid, forskaling og grunnarbeid.

Dette medførte at det ble en overgangsordning som går ut på at fagprøve i de nevnte enkeltfagene kan avlegges etter visse retningslinjer før 1. januar 1986. Dette gjelder stort sett våre tidligere spesialarbeidere.

### Nytte og læring

Selv om lærlingeordningen ikke er noe nytt, er det nytt for vegvesenet i

Rogaland, og vi er noe usikre på hvordan dette vil fungere.

Vi vet at en lærling ikke uten videre er en arbeider vi bare kan bruke der det passer best for vegvesenet. Vegvesenet har også et ansvar for at de får opplæring i alle de fagområder som tilhører bygg- og anleggsfaget.

Her blir det altså en kombinasjon av nytte og opplæring. Vi ser det derfor som en fordel at de som har spesielle arbeider som skal utføres, tar kontakt med de faglig ansvarlige vegmester/anleggslederne, uavhengig

av om det gjelder anlegg eller vedlikehold, for dermed å få en bedre og mer allsidig opplæring av lærlingene.

### 3 års læretid


Lærlingene har 3 års læretid og må en dag i uka delta på lærlingeskolen. De to første årene skal lærlingen gjennomgå en generell opplæring i fagene tuneldriving/fjellarbeid, armering, betongarbeid, forskaling og grunnarbeid. Det siste året skal kandidaten fordype seg i et av fagene og avlegge fagprøve i det faget.

Etter at fagprøve i fordypningsfaget er avlagt, kan lærlingen ved hjelp av tilleggsår som lærling, utvide sine fagområder til en all-round-vegtjenestemann. Lærlinger som inntas på kontrakt er unntatt fra tjenestemannsloven og det kreves derfor ikke offentlig utlysning av stillingene.

### Lønn

Lønnsmessig vil lærlingene under 18 år lønnes som ungdom i staten i lønnstrinn 2 - 5. Over 18 år lønnes etter lønnstrinn 7, og siste året får lærlingen lønnstrinn 7 + 5.

Tilsettingsforholdet oppholder når kontrakttiden/læretiden er ute, men vegvesenet bør tilpasse sine rekrut-



Knut Atle Schei, lærling på Bærheim.



Ole H. Brekke, lærling i Haugesund.



Nils H. Bakkevik, lærling i Haugesund.



Lars H. Nordnes, lærling i Haugesund.

teringsbehov slik at flest mulig av lærlingene får ansettelse etter endt læretid. Og den erfaring som nå høstes med denne måten å drive rekruttering på, vil så danne grunnlaget for vegvesenets vurdering av en eventuell utvidelse av ordningen.

**Samferdselsstyret.**

**Framhald frå side 15.**

siktige med økte billettpriser og tiltak som hindrer framkommeligheten for bussene — og forverrer arbeidssituasjonen for sjåførene.

**Hvor lenge har du vært med i politikken?**

Jeg har vært politisk aktiv i ca. 10 år.

**Har du andre politiske verv?**

Jeg er medlem av fylkestinget, men har ingen kommunale verv.

**Hvorfor er du politisk aktiv?**

For meg er det ikke nok å bare avgi stemme. Jeg vil også etter beste evne påvirke utviklingen i den retning jeg tror på.

**Hva gjør du i fritida?**

Jeg er ute i båten min så snart jeg har anledning til det. Fisking er det mest avstressede jeg kan foreta meg, og derfor tilbringer jeg mye tid på sjøen.

Ellers går tiden med stell av hus og hage.



Sissel Samsøe, lærling i Haugesund.

Ny rv. 511 ved Kopervik

# Stølebuktvegen i rute

**Tekst og foto: Kenneth Vikse, Karmøybladet**

**Arbeidet med den nye Stølebuktvegen er i rute, og en regner med at den vil stå ferdig i juni 1986 som planlagt.**

**KB tok seg en tur rundt på anleggsområdet for å se litt på forholdene. Der traff vi Einar Støle fra Torvastad. Han er ansatt i Statens vegvesen og har til sammen jobbet på slike anlegg i 34 år.**

— Det er et fantastisk godt miljø blandt de som jobber sammen på slike prosjekter som denne. Det er som regel den samme gjengen som flytter fra anlegg til anlegg, og det gjør at vi virkelig blir sammensveiset.

Dessuten jobber vi sammen med det lokale vegvesenet og dette fungerer svært godt.

— Hvor mange er det som er i arbeid her på anlegget i øyeblikket?

— Akkurat nå er vi 5 faste mens vi har en som jobber på en 6 måneders kontrakt. I tillegg er det 3 leiemaskiner og 2 dumpere med sjåfører i arbeid.

## Maskiner

— Hvordan er arbeidsforholdene, er det en slitsom jobb?

— Det varierer sterkt fra jobb til jobb, men stort sett er det lite arbeid som utføres med bare hendene. Som nevnt så har vi en del maskiner i sving og det er de som utfører alt tungarbeidet.

Akkurat på dette anlegget har vi hatt en god del problemer med rørledninger for vann og kloakkavløp.

Dette har naturlig nok sinket oss en del.

Legging av rør, og sprengning er egentlig det eneste arbeidet som krever en del av hendene.

Sprenging har det forøvrig vært mye av, men vi regner oss for å være ferdig med dette nå. Det var også en god del usikkerhet knyttet til sprengningsarbeidet på grunn av at noen av husene som ligger nærmest er bygd på leirgrunn.

Skadene ble imidlertid langt mindre enn en hadde ventet på forhånd.

— Hvordan er arbeidsdagen egentlig for en ansatt i Statens Vegvesen?

— Vi jobber 8 timer om dagen og tida flyr. Det er alltid et eller annet som skal gjøres og det kan være ganske spennende å følge med i utvikling en i arbeidet, spesielt når en sprenger ser en framskritt i det en gjør.

— Hvilke forhold får dere egentlig til lokalbefolkingen, her bygger dere en vei som går rett gjennom fredelege Askehagen.

## Senkes 5 m

— Folk forstår at vi bare er her for å



Einar Støle er en av arbeiderne ved den nye vegen. Han har arbeida som anleggsarbeider i vegvesenet i 34 år.

utføre en jobb vi er blitt pålagt. Dessuten tror jeg at folk har mer problemer med trafikken her nå enn de kommer til å ha når den nye veien blir ferdig. Den stigningen en ser fra hovedveien nede i Eidebotn og opp til gamle Eideveien kommer til å bli betraktelig mindre når vi er ferdige.

Den nye veien skal senkes 5 meter i forhold til veien som går gjennom Askehagen i dag. Den gamle Eideveien kommer til å gå i en overgang for gående og syklende. Dermed blir det slutt på den motoriserte trafikken gjennom Askehagen, avslutter Einar Støle som ser fram til å bli ferdig med veien, men som trives i samme jobb etter 34 år.

fram til at den nye veien blir ferdig. Det vil bety slutten på både mye uønsket gjennomgangstrafikk og i øyeblikket en god del støy fra anleggsarbeidet.



Den nye Stølebuktvegen, hvor den snor seg forbi det nye rådhuset i Kopervik.

# Kvar i Rogaland?

Mens dei gamle bruene, som skulle plasserast geografisk i nr. 3/85, var ei vanskeleg oppgåve, kan ein seia at det motsette var tilfelle i nr. 4/85. Det kom inn mange svar (57) og dei fleste var rette.

Me har trekt ut desse vinnarane av pengelodd:

Odd Høie, 4092 Leiasundet.  
Sveinung Espedal. E. Skjalgonsgt. 24,


- Dei rette svara var:**
- 1) Måland (eller Tysdal, som sto oppført i bladet), Hjelmeland
  - 2) Østebrød, Eigersund
  - 3) Fiskå, Strand
  - 4) Ålgård, Gjesdal
  - 5) Vetrhus, Suldal



4



5



**Dei 5 motiva er:**

Nr. 1 .....

Nr. 2 .....

Nr. 3 .....

Nr. 4 .....

Nr. 5 .....

Innsendt av: .....

Adresse .....

.....  
Kuponen skal sendast Rygjavegen,  
Boks 197, 4001 Stavanger  
innan 20. januar 1986.

Fylkesveg 3 i Lund:

## Betre og sikrare veg langs Rudsalsvatnet

Også strekninga Sveknes bru — Eik er utbetra

Tekst og foto: Harald Sel

Arbeidet med utbetring av fylkesveg 3 langs Rudsalsvatnet mellom Eik og Rudsdal i Lund er nå ferdig. Lengden er nesten 4 km. Denne strekninga var tidlegare svært smal utan grøft, og utan rekksverk mot det 30 til 40 meter djupe vatnet. Vegen har nå fått ein planeringsbreidd på 4 meter, pluss grøft og det er sett opp rekksverk.

Samtidig med arbeidet langs Rudsalsvatnet, er også ei strekning på 1300 meter nedanfor vatnet, frå Sveknes bru til Eik, utbetra. Her er vegen bygt opp med ein meter og fått skikkeleg fundament. Tidlegare låg vegbanen nesten parallelt med terrenget, og det var svært utsett for flaum og telehiv.

Frå Sveknes bru til Eik er det også lagt oljegrus i haustr. Langs Rudsalsvatnet kjem det fast dekke først til neste sommar. Ved det vil ein oppnå at det nye vegfundamentet har stabilisert seg betre før oljegrusen blir lagt.

### Komplisert anlegg

Anlegget langs Rudsalsvatnet har vore nokså komplisert, seier oppsynsmann Ove Frøylog til Rygjavegen.

Geologane som granska ura på oppsida av vatnet, fastslo at denne ikkje byrde rørast. Som ura ligg i dag er ho nokså stabil. Dersom ein tok til med graving, ville dette kunna utløysa mange ras, både under anleggsperioden og seinare. På grunn av dette har heile vegutvidinga skjedd ved utfylling av masse i vatnet. Av same

grunn har ein også fylgt den gamle og litt svingete traseen.

### 32.000 kbm. masse

På grunn av at vatnet er så djupt (30 til 40 meter) har det gått med mykje masse, ca. 25.000 kubikkmeter.

Dessutan er det gått med mellom 6 og 7000 kbm. masse på strekninga Sveknes bru til Eik. All denne massen er tatt ut ved nedre enden av Rudsalsvatnet.

### Mye for pengane


Anleggsarbeidet tok til i mai og var ferdig midt i november. Mellom 2 og 6 mann frå vegvesenet har vore i arbeid. I tillegg er det leigt inn opp til 3 gravemaskinar og 5 lastebilar. Ove Frøylog meiner at arbeidet har blitt utført godt og rasjonelt, og at ein har fått mye att for pengesummen på 1,7



Etter utbetringa blir det også grøft langs vegen. Oppsynsmann Ove Frøylog (t.h.) drøftar arbeidet med Olav Kjelleberg.



Bortimot halve arbeidsdagen er unnagjort, og då smakar det med mat og kaffi. Frå venstre: Jon Mydland, Kjell Bjørnevoll og Willy Åmodt.



Vatnet er djupt og det er brukt 25.000 kbm. masse til utvidinga. På innsida er ingenting gjort, etter som graving der ville gjort ura ustabil og vegen meir utsatt for ras.

## Vintervedlikehold

Totalt koster vintervedlikeholdet i Norge på det offentlige vegnett på ca. 83000 km (1983):

Riksveger	300 mill. kroner
Fylkesveger	200 mill. kroner
Komm. veger	250 mill. kroner

Av de totale vedlikeholdsutgifter utgjør vintervedlikeholdet ca 16 prosent for riksveger i 1983. Vinterutgiftene varierer imidlertid fra år til år avhengig av vinterens lengde og snømengde.

Det er også store variasjoner fra landsdel til landsdel og fra fylke til fylke. For eksempel bruker Finnmark nesten halvparten av sin vedlikeholdsbevilgning til vintervedlikehold.

## 5 % av riks- og fylkesvegnettet saltes

Det benyttes i dag salt i vintervedlikeholdet på det ca 3400 km riks- og fylkesveg. Årlig bruker Statens vegvesen omlag 20 000 tonn salt, avhengig av vinterens forløp. I snitt benyttes 6-8 tonn salt pr. km veg i løpet av salsesongen. Det benyttes salt i alle fylkene langs kysten fra Østfold til og med Hordaland. I tillegg til Statens vegvesen er der bare de største bykommunene i Sør-Norge som Oslo, Bergen, Stavanger og Kristiansand som nytter salt i sitt vintervedlikehold. Oslo er den største saltforbruker av disse, med et årlig forbruk på omlag 4000 tonn.

millionar kr som er investert. — Bare tenk på kva det kostar av arbeid og pengar å opparbeida alle stikkrennene. Til saman er det lagt 350 meter med stikkrenner. Rekkverket på 1550 meter frå Rusdal til Geitebru er heller ikkje billig. Kostnadane er på ca 140 kr pr. meter, seier Ove Frøytlog.


Midlane på 1,7 millionar kr som er brukt på anlegget, er skaffa fram frå 3 ulike postar på budsjettet. Kr. 1.350.000 er løyvd over budsjettet for utbetring av fylkesvegar. Av statlege midlar til Aksjon skuleveg er det brukt 200.000 kr (hovudsakleg til fjerning av steingardar frå Sveknes bru til Eik). Resten, kr. 150.000, er brukt av driftstiltaksmidlar på fylkesvegbudsjettet.

# MI MEINING

## Samling på Lagårdsvegen

Over nyttår vil heile vegadministrasjonen i Rogaland bli samla under eit tak i bygget der Oljedirektoratet nå held til i på Lagårdsvegen.

Kva meiner du dette vil ha å sei i positiv og/eller negativ retning?



Johannes Sønstabø, Planavdelinga

Eg har ikkje motforestillingar til flyttinga, berre må kan få vera der ei stund. Dette med å flytta år om anna, slik som det har vore til nå, riv opp miljøet og er uheldig. På Lagårdsvegen vil det også bli betre parkeringsforhold, og det trengs.



Liv Leikvoll Arnesen, Innkjøpsseksjonen

Det blir ein stor fordel å få alle samla. Det er også ein fordel at me sannsynlegvis får fleire parkeringsplassar. Det negative er å flytta ut frå sentrum.



Marit Königsberg, Allmenseksjonen (arkivet)

Det blir fint å få betre plass og få alt samla. Det negative er at bygningen på Lagårdsvegen ligg mindre sentralt og at kommunikasjonane blir dårligare. For min del må eg bruka to bussar mot 1 i dag, — men eg har jo sykkel.



Bjørg Marit Håland, Regnskapsseksjonen

Det er fint å bli samla under eit tak. Men reint personleg syns eg det er dumt, på grunn av at det vil passa dårlig å reisa med tog til og frå arbeid.



Olav Kleven, Anleggsavdelinga

Eg ser bare positive sider ved at me nå får samla oss på ein plass. Det vil fremja einhetsfølelsen i etaten, slik at samarbeidet kan gå lettare. Et me heldige kan også det sosiale samhaldet bli betre enn i dag.



Bjarne Espedal, Vedlikehaldsavdelinga

Både av praktiske og sosiale grunner ser eg det positivt at me blir samla på ein plass. Ved det kan samhaldet bli styrka. I dag er det tendenser til at me er samla i to leiarar, som til ein viss grad knapt leverer kvarandre.

Rv 14, Ytre Ringveg vest:

## Gjennomslag i Byhaugtunnelen

**Tekst og foto: Harald Sel**

Midt i oktober small gjennomslags-salven i den 630 meter lange Byhaugtunnelen. Då dynamittøyk, steinstøv og damp hadde drive bort, og tunneldrivarane, vegsjef og anleggsleiring samla seg på røysa, kunne ein slå fast at alt hadde gått som planlagt. Holet var etter oppskrifta. Etter gratulasjoner og «kranseskål» slik som tradisjonen er, var det berre å ta føtene fatt og spassera rett igjennom Byhaugen. Bilane må ennå venta i omlag 2 år. Etter planen skal heile strekninga frå Tasta til Tjensvollkrysset settast under trafikk hausten 1987.

Mellom gjestene på røysa var teknisk sjef i Stavanger kommune, Birger Rygg. Han overrekte kvar enkelt av arbeidarane eit tinnkrus som takk for vel utført arbeid.


Mellom tunnelarbeidarane som har vore i sving i Byhaugtunnelen, har fleire mange års erfaring frå dette arbeidet. Somme av dei har vore med på godt over 20 tunnelgjennomslag. Den store ekspertisen desse arbeidarane har fått, gir eit godt og effektivt resultat. I Byhaugtunnelen var det svært dårleg fjell på ein del av strekninga, og tunnelen måtte heilstøypast etter kvart som ein sprengde seg fram. Likevel har ikkje framdrifta blitt særlig forsinka, og meirkostnadane har bare blitt 2 millionar meir enn kalkylen. Kalkylen var på 19 mil-



Samling på røysa til «kranseskål» etter gjennomslaget. Krusa som blir brukte er tinnkrus som arbeidarane fekk frå Stavanger kommune for vel utført arbeid.

lionar og kostnadane vil bli ca 21 millionar, dersom det ikkje blir nødvendig med meir sikring (m.a. mot vatn) enn det ein reknar med i dag.

Det opprinnelige kostnadsoverslaget for heile veganlegget, Ytre Ringveg vest, var på 83,4 millionar i løpende kr. Anleggsleder Karl Arne Egeli seier at han framleis reknar med at vegen kan byggjast for denne prisen. Meirkostnadane på grunn av det dårlege fjellet i Byhaugen, ser det ut til at ein kan ta inn att på andre arbeidsområde.



Vegen frå 1900-krysset til Bryne på rv 506 er den eine av to strekningar som har fått nytt dekke av drenasfalt. Biletet er tatt i 1900-krysset mot Bryne.

## Ny type asfalt på Jæren

**Tekst og foto: Harald Sel**

Drenasfalt er ein type asfalt, som i haust er tatt i bruk i Rogaland. I første omgang er det to korte strekningar på Jæren som har fått dette dekket, frå Bryne til 1900-krysset på rv 506 og frå Kleppekrossen til Bore på rv 510. Drenasfalten er meir porøs enn vanleg asfalt, og dette fører til rask avrenning av regnvatn. Fordelen med dette merkar ein særleg ved at det blir mindre sprut når kjøretøy passerer.

Avdelingsleder Sverre Andersen seier til Rygjavegen at dei to strekningane som nå har fått den nye asfalttypen kan reknast som prøvefelt. Drenasfalt er brukt ein del i Sverige, men ein veit f.eks. for lite om slitesyrken. Prisen på sjølve dekkelaginga er omrent den same som for anna asfalt. Dersom erfaringane blir gode, kan det nok bli aktuelt å bruka det nye dekket i nokså stort omfang, seier Andersen. Det gjeld i første rekke på sterkt trafikerte vegar.

Ved anleggsdriften fra 1. desember:

## Handlingsprogram for produktivitetsoppfølging

Av Ernst Owe Strøm

**Hele det private næringsliv gjennomgår for tiden effektivites- og produktivitetsprosesser, for å bedre sin konkurransesituasjon.**

**For ikke å bli hengende etter i denne utviklingen, må vi arbeide for å skape produktivitetsøkning, også i vegvesenet. Sikring av våre arbeidsplasser skulle være god nok motivasjon for oppgaven.**

Vegvesenet blir stadig oftere sammenlignet med entreprenørenes kapasitetstall og priser. For å dokumentere at vegvesenet fortsatt kan konkurrere, må vi legge fram faktiske data og opplysninger om vår anleggsdrift. Etaten er klar over at moment som arbeidsmiljølov, bevilningstakt, sysselsettelseskostnader etc. gjør vår konkurransesituasjon mindre gunstig. Det er denne tankegang som har fått oss til å tro at en sammenligning med entreprenørenes kapasitetstall i anleggsdriften, vil være et riktigere og bedre sammenligningsgrunnlag, og troelig tale i vegvesenets favør.

Veddirektoratet sendte i februar 1985, ut et rundskriv til alle vegkontorene med pålegg om produktivitetsmålinger i anleggs- og vedlikeholdsdriften. Målingene som vil omfatte 15 prosesser innen anleggsdriften, og bli utført i 1985/86, skal brukes som grunnlag i 1988 - budsjettet. Dette kan følgelig få en viss betydning for rammene i budsjettet.

Data fra produktivitetsmålingene skal bl.a. brukes til å finne frem til best mulige driftsoppligg, og samtidig gi myndighetene en dokumentasjon på produktivitetsutvikling.

### Databank

For å få optimale resultater ut av produktivitetsoppfølgingen, vil anleggsavd. samtidig starte en mer detaljert oppfølging av de samme prosessene. Vegdirektoratet har foreskrevet innen anleggsdriften, begrenset til 5 prosesser i hvert anleggsområde. Mål et er å få analysert kostnadsfordelingen innen hver prosess, og samtidig få fram kapasitetstall. Det siste har tidligere vært forsøkt. Det tas sikte på å bygge opp en databank for kapasiteter, som f.eks. vil være til god hjelp i driftsplanleggingen. Oppfølgingen krever utfylling av et skjema, som er spesielt laget for formålet.

### Oppsynsmannen ansvarlig


Det er oppsynsmannen på vedkommende anlegg som skal stå ansvarlig for oppfølgingen. I tillegg må det også utpekes en kontaktmann på hvert anlegg, som har detaljkjennskap til de pågående arbeider. Hans viktigste oppgaver blir å påse at prosessføring og rapportering er i overensstemmelse med utført arbeid. Skal oppfølgingen gi realistiske data, må en være nøyde

med oppmåling og registrering av de virkelig utførte kvanta, i henhold til prosesskoden. For å få frem så representative resultater som mulig, vil kun anlegg med årsbevilning over 2 mill. kr. være gjenstand for oppfølging, og de aktuelle prosessene bør ha et vissta minstekvantum. Da vegkontoret er spesielt interessert i å følge opp masseflyttungsprosessene, er dis-

se medtatt i alle distrikter. Oppfølgingen starter 1. des. 1985, og skal foreløpig pågå i et år. Seksjonsledermøtet på anleggsavd. vil da ta stilling til om oppfølgingen skal fortsette.

### Alle nivå

Til slutt understrekkes det at produktivitetsoppfølgingen omfatter alle nivå i organisasjonen. I første omgang kan det oppfattes som om produktiviteten kun skal måles i marken, dette er ikke riktig. For vi vet at årsakene til mindre gode resultater i driften, i like stor grad kan skyldes mangelfulle planer, og for dårlig tilrettelegging av arbeidene. Analyse av resultater i driften vil være med på å avsløre dette. Det er derfor viktig å poengttere at alle i etaten ved denne prod. kampanjen jobber for en felles sak, nemlig å bevise at vegvesenet kan konkurrere med entreprenørene både i kapasitet, pris og kvalitet.



## 90 km på E 18

Frå i haust er øvre fartsgrensa auka frå 80 til 90 km på 2 nye strekningar av E 18 i Rogaland. Frå før er det 90 km fartsgrense på det meste av motorvegen frå Stavanger til Stangland i Sandnes.

Dei nye 90-sonene er: Frå Vikeså til tunnelen ved Krossmoen, ca 13 km, og frå Hellaren til tunnel nord for Heskestad, ca 9 km.

Det er vegdirektoratet som har godkjent dei nye fartsgrensene. Frå vegsjesen var det også foreslått 90 km på strekninga frå Klugevatnet forbi Tøge til Kyllestad, men dette ville ikkje direktoratet gå med på i denne omgangen. Biletet ovanfor er tatt der 90-sona tek til utanfor Vikeså.

(Tekst og foto: Harald Sel)

Veganlegg på Karmøy

## Vegvesenet hadde billigaste anbod


Tekst og foto: Harald Sel

På Karmøy skal det byggjast ein 780 meter lang gang- og sykkelveg frå Sandhåland til Haga. Samtidig skal rv 14 utbetraast og delvis leggjast om på den same strekninga.

Arbeidet blei lyst ut på anbod. For første gong i Rogaland leverte vegvesenet inn sitt eige anbod på eit vegprosjekt. Ved anbodsopninga viste dette seg å vera klart rimelegast, kr. 1.538.837,- medan det nest lågaste var kr. 1.615.481,- og det høgaste kr. 1.742.055,-

Ut frå den totale sysselsettingssituasjonen for vegvesenet er det nå klart at ein ikkje har mannskap til å utføra arbeidet i eigen regi, sjøl om dette vil vera billigare enn å få det utført ved entreprise.

Anleggsjef Halvor Folgerø seier til Rygjavegen at eit tema på den siste anleggsjefkonferansen var spørsmållet om eigen regi og entreprise. Bakgrunnen er mellom anna at det frå visse hald blir hevda at vegvesenet driv dyrare og mindre effektivt enn private entreprenører. Ut frå dette blei det bestemt at kvart fylke skal prøva å levera inn anbod på arbeid som blir utlyst, for ved det å få peiling på korleis ein ligg an i konkurransen.



Anbodsopning for anlegget Sandhåland - Haga. Overingeniør Rune Sandven ved vegstasjonen i Haugesund (t.v.) overleverer vegvesenet sin anbodskonvolutt til Halvor Folgerø. Då konvoluttane blei opna, viste det seg at vegvesenet sitt anbod var det klart lågaste.

Når ein nå har prøvd dette i Rogaland, er det svært gledeleg at me kjem så godt ut, seier Folgerø. Anboden vårt er utarbeidd veldig seriøst. Fire personar, Rune Sandven, Jakob Høyland, Tor Kåre Austerheim og Magne Rullestad, har gjennomgått dei enkelte arbeidprosessane veldig nøye. Dei har i alle samanhengar gått ut frå dei prisane vegvesenet utfører slike arbeidsprosesser på i dag. Så vårt eige anbod er heilt realistisk, seier Folgerø.

Han legg til at det viktigaste denne gongen var å få ei samanlikning mellom eigen regi og entreprise. Utarbeiding av dette anboden har difor vore ei nyttig erfaring, sjøl om sysselsettingssituasjonen gjorde at vegvesenet likevel ikkje kunne ta arbeidet i eigen regi.

— For ettertida må me kunne ta på oss arbeidet, dersom vårt anbud er det lågaste, seier anleggsjefen.

Rv 44 ved Egersund:

## Ny veg gjennom Årstaddalen



Den nye vegen sett frå krysset ovanfor Texacostasjonen. Den gamle rv 44 som her gjekk forbi Texaco-stasjonen og oppover på venstre sida av dalen, var smal og trafikkfarleg.

I september blei den nye vegtraseen på rv 44 frå Skåra bru til Hoveræget i Årstaddalen ved Egersund opna for trafikk. Strekninga er på 1200 meter og arbeidet har kosta i overkant av 4,5 millionar kr. Dette er omlag ein halv million mindre enn det opprinnelige kostnadsoverslaget. Ein viktig grunn til innsparinga er den lange frostperioden på etterjulswinteren i år. Maskinane kunne då arbeida effektivt ved utskifting av massen på myre. Dette førte også til at arbeidet blei ferdig omlag 2 månader tidlegare enn planlagt.

I tillegg til sjølve vegarbeidet, har vegvesenet også skifta og lagt om dreneringssystemet frå Mobil sin bensinstasjon til Hoveræget. Det er også sett opp eit per forstøytningsmure.

Tekst og foto: Harald Sel

## Rapport om arbeidsforhold, medbestemmelse og arbeidsmiljø for tjenestemenn i vegarbeidsdriften

Av Karl Støle og Markus Wiik

Når dette leses er vel de fleste kjent med innholdet i denne rapporten og de konklusjoner, forslag og tiltak vi har tilkjennegitt for å bedre på enkelte forhold. Rapporten er vel også behandlet i avdelinger og organisasjoner, så de fleste har vel sagt sin mening om denne.

**Vi vil bare komme med endel kommentarer til rapporten bl.a. fordi det på oppsynsmannsmøte den 10.9.85 fra enkelte ble gitt uttrykk for at vi hadde fått med altfor meget negativt og lite positivt. Dette vil vi sterkt tilbakevise, noe som også rapporten gir uttrykk for i innledningen, hvor vi i vår hovedkonklusjon sier at forholdene i Rogaland synes å være langt bedre enn hva inntrykket er fra de andre fylkene i AFI-rapporten.**

Men før vi går over til å påpeke de positive tingene i rapporten, vil vi rette en takk til våre intervjuobjekter, da spesielt til det som kalles nivå 4 formenn - maskinførere og arbeidere for den måten vi ble mottatt på og de åpne og frie samtaler vi hadde. Vi hadde en følelse av at vi ikke på noen steder ble møtt med skepsis til denne undersøkelsen, og det var noe som imponerte oss begge, og det beviser at vi i vårt fylke har meget gode forhold.

### Ett minus


Ett minus som vi vil trekke fram er at endel av oppsynstjenesten etter at rapporten ble kjent, har tatt for seg våre intervjuobjekter og konfrontert disse med hva de har uttalt. Denne måten å gå fram på tar vi sterk avstand fra, og dette ble også tilkjennegjort av oss på oppsynsmannsmøte. En slik framgangsmåte er ikke med på å fremme tillitsforhold og samarbeid, tvert imot vil vi si, og det minner i stor grad av det som kom

fram fra AFI-rapporten om forholdene mellom nivå 3 og 4.

### De passive sider

La oss så peke på endel av de positive sider i rapporten som de enkelte overser. Samarbeidsforholdene var stort sett gode innenfor egen avdeling mellom alle nivå. Dette er jo positivt. Men at samarbeidet mellom avdelingene og områdene er mindre bra, er vel noe som alle er kjent med, ikke bare nivå 4. Etter funksjonsavdel-

Forts. side 31



### Trygghet

Av Kristian Nybø

Ingen skapning er løynt for hans augo. Alt er nakne og bart for han som vi skal gjera regnskap for. Hebrearbrevet 4.13.

Det me vert minna om her, er at Gud ser alt. Dei fleste av oss erkjenner i alle høve for oss sjølv, at me trur på Gud.


Spørsmålet er korleis me har innretta oss, føler me utrygghet, når me veit Gud ser alt — tankar — ord — gjerningar. Sjølv har eg fått teke mot Jesus som min frelsar, og får leva i trua på at eg er hans.

Eg føler trygghet ved at Gud ser alt, og kan rekna med Gud i alt. men det inneber og at eg må be om tilgjeving for alt eg gjer, som eg ikkje skulle gjort. Det er jo eit kjent ord av Paulus, det gode som eg vil, gjer eg ikkje, men det vonde som eg ikkje vil — det gjer eg.

Til deg som les denne vesle andakten, og som ikkje har teke konsekvensen av Paulus sine ord: «Ingen skapning er løynt for hans auga». Du bør nyitta dagen som du har idag, ta imot Jesus, få oppleva trygghet ved at ingen ting er løynt for hans auga.

## Nye, tidsmessige sandhallar

Foto: Per Eikemo



Vegvesenet har i haust fått reist 4 nye sandhallar, på Bærheim, Moi, i Vikeså og Hauge i Dalane. Det er behov for fleire nye hallar runt om i fylket, så det kan bli aktuelt å byggja 6 eller 7 til av same typen. Dei hallane som er reiste er svenskproduserte og montert lokalt.

Den nye hallen på Bærheim, som avløyser ein gammal og langt mindre hall på Forus, er 65 meter lang og 15 m. brei. Han rommer ca 1500 kbm. sand og salt.

Hallane på Moi og Hauge er 20 m. lange og 13 meter breie, og har ein lagerkapasitet på ca 500 kbm. Hallen i Vikedal er litt større og rommer ca 700 kbm. Moi, Hauge og Vikedal har tidlegare nytta silo for lagring av sand. Desse var nå svært gamle, for små og for dyre i drift.

På biletet ser me den nye sandhallen ved Bærheims vegsentral.

# GJESTEKOMMENTAREN

## Folk og trafikk i vårt «lille» sentrum

For ca. 150 år siden, i 1806, ga bergenser Tønnes Rolfsen følgende beskrivelse av Stavanger by med dens 2.500 innbyggere.

«Husene her ere smaae, stygge, gamle og for det meste har man første Etage til Paakhus. Denne by har ingen reele gader eller Torv og alt er noe forbannet Skrab, thi man vilde have møie for at kiøre med en Karjol i Byens største og saa godt som eneste gade dersom man vilde tilbage».

Bergenser hadde vel neppe kjent seg igjen i dagens Stavanger med sine 93.000 innbyggere, sin motorvei, sine høye hus og oljeinstallasjoner.

Skjønt trafikk-problemer ville nok Hr. Tønnes Rolfsen beskrevet, der som han nå kom tilbake.

Veinettet i sentrum er i dag sterkt belastet av biltrafikk. Morgen og ettermiddag kan køene være lange. Ventetiden og ergrelsene — de blir etter våre forhold store.

Biltrafikken er årsak til betydelige problemer for kollektivtrafikken. Fremkommeligheten blir vanskelig, og dermed blir det forsinkelser på rutene. En ny gruppe mennesker ergrer seg.

Hvordan må ikke biltrafikken i sentrum virke avskreckende på syklistene og fotgjengere? — Disse er viktig omtanke og prioritert.

En stor del av den trafikk som i dag belaster veinettet i sentrum, er gjennomgangstrafikk.

Stavanger sentrum er lite og trangt med små avstander, men enestående både historisk, kulturelt og økonomisk. Det arbeides med en ny og bedre bruk av gamle bygg. Parkerings-

mulighetene forbedres, samtidig som det arbeides med utvidelse av gågate-nettet.

Reisingen av Kulturhuset, parkeringsanleggene på Jorenholmen og i Valberget, er med på å gjøre sentrum mer attraktivt.

Beslutningen om å legge E-18 i bro over Jernbanen, videre i tunnel under Bergeland til havneringen i Verksalmenningen, vil ha stor betydning for sentrums fremtid.

Dette vil gi et hovedveinett som vil avlaste sentrum og gi god forbindelse fra E-18, Rv 14, Rv 509 og Rv 510 til fergeleiene, Bybrua og Østre bydels industriområder.

Mulighetene åpner seg for bussterminal og parkeringsanlegg ved å legge et dekke over Jernbanen. Prosjektet vil, når det står ferdig, være en byplanmessig berikelse for byen.

Bystyret har forutsatt at arbeidene kan påstartes tidlig i 1987, og da vil vi kunne ta første del av anlegget i bruk i 1990.

Et lite startskudd gikk for arbeidet da «Kristiansenhuset» i Kannik ble revet. Noen vil nok synes det var leit at byens største trehus ble revet, men sett i forhold til det en oppnår for sentrum, må det være en riktig beslutning at huset ble revet.

Det har vært interessant å følge E-18 prosjektet, fra NV-II utvalget, frem til den endelige beslutning ble tatt i bystyret. Denne saken kan stå som et godt eksempel på hvordan Veikontoret og kommunen kan samarbeid for å få løst oppgaver som er av vital interesse for begge parter.

Når dette anlegget står ferdig, kan



Kari Thu  
Ordfører  
Stavanger

en ta fatt på omfattende trafikksanering i sentrum. I vårt «lille» sentrum, er det ikke plass nok for både biler og mennesker.

Menneskene vil vi gjerne ha inn i sentrum, for å ta del i kulturtildelene og handle, for å nevne noe. Derfor vil en viktig oppgave være å tilrettelegge for korttidsparkering, og parkeringsanlegg i nær tilknytning til hovedveianlegg og sentrum.

Et levende sentrum både før og etter butikkenes stengetid, er noe vi alle ønsker oss. Det kan vi oppnå dersom vi legger opp til trafikkmessig fornustige løsninger, hvor både de myke trafikkantene og bilers behov blir ivaretatt.

*Framhald side 6. Norwegian Contractors - - -*

### Framdrift

Parsell	Lengde	Anleggsperiode
Røyrvik-Kårhus	3,4 km	1/7-1/11-86
Kårhus-Vatne	0,8 »	1/4.1/7-86
Eikanes-Raunes	2,6 »	1/10-86-1/2-87
Kårhus-Eikanes	3,6 »	1/10-86-1/2-87
Fv 736 ved Åmsholen	0,4 »	1/10-86-1/2-87

Når arbeidet er utført til vegnettet i Kårhus-området atskillig meir trafikksikkert enn i dag, og trafikk i samband med industrietableringa vil gå nokså uhindra gjennom bygda.

### Dagens blodme:

Ta ikkje på veg før du er sikker på at den ikke er nyasfaltert.

— Rapport —

#### Forts. fra side 29

ingen har avdelingene isolert seg og vil helst ikke ha inn blanding av andre. Forholdene her er vel kanskje på bedringens veg.

#### Kommunikasjon/ordregiving

Her oppfattes forholdene positivt med få unntak.

#### Delegering

Stort sett synes også dette å være gjennomført de fleste steder etter de forslag som var fremlagt i oppsynsmannsrapporten.

#### Maskindisponeringen

Også på dette området synes de fleste å ha en tilfredsstillende innflytelse på.

#### Trafikk-teknisk mann ute.

Dette synes alle var positivt.

#### Selvstyrte grupper

Selv om dette ikke er gjennomført slik tanken var, er det bla. i vedlikeholdet inndelinger i såkalte roder med stort sett sammenlagte lag, og både på anlegg og vedlikehold følte de at det var stor grad av selvstyre i det daglige arbeidet.

#### Byggemøter

Dette er innført i alle områder, selv om intensiteten på disse var noe varierende, må det sies å være positivt.

#### Stikkning/nivelering

En god del av anleggsarbeiderne utførte dette, men at dette kan utvides til å gjelde både anlegg og vedlikeholdsarbeidere var det stort ønske om. Dette kan vi heller ikke kalle negativt.

#### Kompetanseoppbygning

Selv om her er negative sider, synes de fleste at de tilbud/kurs de får, stort sett er gode. Problemet er at de får praktisert det de lærer altfor lite.

La oss tilslutt si at det er på arbeidsmiljølovens paragraf 12, Medbestemmelse - Tilrettelegging av arbeidet, vi ikke har oppfylt de krav som er satt, og det er nettopp her nivå 45 peker på svakheter. Vi synes ikke det er negativt, at slike ting blir påpekt. Det minner oss bare om at her har vi en god del å utrette, både fra ledelsens side som fra oppsynstjenesten.

# TILLITSMANNENS SPALTE

Petter Sivertsen

Tillitsmann i Statens Bilsakkyndiges forening (BSF)

*PP-prosjektet ved biltilsynet i Rogaland nærmer seg, etter flere forsinkelser fra vegkontorets side, avslutningen. Rapporten har vært ute til høring blandt de ansatte, og skjeldene har noe engasjert oss ved stasjonene mer. I alle fall etter de reaksjonene som jeg som tillitsmann er blitt møtt med.*

*Det var et håp om at dette skulle være et redskap til bl.a. å få «rett person på rett sted til riktig lønn». Det skulle være et redskap til å rasjonalisere/effektivisere slik at arbeidssituasjonen for de ansatte skulle bli mindre belastende enn den er i dag.*

*I stedet sitter jeg igjen med et klart uttrykk — i alle fall fra de største stasjonene — at hele prosjektet har blitt en belastning — i stedet for en hjelp.*

*Det gjenstår å se i hvilken grad vegkontoret tar hensyn til de merknadene som er framkommet i uttalelsene fra organisasjonene. Det skal i den nærmeste framtid forhandles om de tiltakene som rapporten foreskår. Det blir spennende. Når dette leses, vet vi kanskje resultatet.*

*Ellers går vi også spennende tider i møte, vedrørende hovedtariffforhandlingene i 1986. AF har som kjent gått knallhardt ut allerede, og krevet høye tillegg for sine statsansatte medlemmer. Det lønnsgapet som er oppstått mellom det private og det offentlige, har bare blitt større og større de siste årene. Pr. i dag ligger langtidsutdannede statsansatte i gjennomsnitt 22 % lavere enn sine «private» kolleger.*

*På den regionale tariffkonferansen som nylig ble avholdt i Stavanger kom det fram til synspunkter på hva kravene først og fremst bør inneholde. Det ble fra AF.s side påpekt at dette samsvarer helt med det som resten av landet «følte». På tillitsmannskonferansen til SBF på Hamar den 31/10 - 2/11 kom samme synspunktene fram.*

*Det er full enighet om at lønner prioriteres framfor f.eks. arbeidsvilkår.*

*Det må være et krav om at det utarbeides en plan med sikte på å få utjænet det lønnsgapet som er oppstått mellom staten og den private sektor.*

*Dette kan synes vanskelig å få gjennomført i løpet av av tariffperiode, men planen må foreligge i år.*

*Myndighetene tenker utrolig kortsiktig når de er så tilbakeholdne med statslønninger.*

*Det er jo en myte (som staten har levet lenge på) at det er så mange fordeles å arbeide i staten:*


1. Statens pensjonskasse — gir et mye dårligere tilbud til pensjonistene enn mange private pensjonsordninger.

2. Du kan få lån til bolig — 2 000!!! Tilbakebetalingsvilkårene er heller ikke de beste lenger.

3. Du kan ikke «sparkes» i staten. Dette er og feil i og med mange har mistet arbeidet ved at verksteder legges ned, personer blir flyttet m.v.

*Nei, det er på tide å si stopp.*

*Biltilsynet må være forberedt på å bli tatt ut i en eventuell konflikt også i år.*



C

*God jul  
og Godt Nytt År!*

